



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 26.11.2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2021 – HAMRAN PÅ BERGEM I TINGVOLL – BN00085161

Dykkar ref. 2021/286.

Det var planen å drive skjøtselen omtrent som tidlegare år, men denne sommaren har ikkje Irene kunne delta i slåttan som før, pga. alvorleg sjukdom. Andre familiemedlemmer har gått inn i større grad enn tidlegare, og fått jobben gjort. Men ein kan jo sjå at arbeid som har vore gjort no og då gjennom sesongen til vanleg no ikkje kunne følgjast opp på den vanlege måten. Det er slik det er.

Utført arbeid 2021

Slått

Slåttan blei gjort unna dei siste dagane av juli. Det blei prioritert å få slått, så tørking og vending av graset før det blei dratt bort blei litt variabelt. Kantane er litt meir rufsete enn dei bruker å vere. Dette for å nytte ut tilgjengeleg arbeidskraft når det var mogleg. Eit år innimellom der ein ikkje får til alle detaljane har nok ikkje så mykje å seie og bør kunne passere.

Etterbeiting

I vår var det litt førebuing med tanke på etterbeite, men dette blei ikkje noko av sidan det blei vanskelegare å følgje opp. Det blei såpass ettervekst at sauebeiting hadde vore veldig fordelaktig i år.

Hogst

5 osper var ringborka for nokre år sidan, og tida var no komen for å felle dei. Det blei ikkje løyvd pengar til hogst, men Statsforvaltaren blei varsla i juni om at ein reduserte litt på slåttan for å få gjort unna hogsten. 4 store og ei litt mindre osp blei felt og fjerna i oktober. Eit av trea var heilt dautt. Eit tre hadde noko frisk bork, sjølv om det var meir enn 30 cm høg ringborking. Resten var praktisk tala daude.

Moseforsøk

Det er ikkje gjødsla noko i år på prøvelappen i moseforsøket. Det har vore mogleg å sjå skilnad på prøvelappen og det som er rundt. Prøvelappen har vore flekkvis litt grønar, og det har flekkvis vore noko høgare gras. Ut over dette er det ikkje gjort observasjonar.

Artsobservasjonar

Nokre få funn er lagt inn på www.artsobservasjoner.no også i år.

Tidsbruk/økonomi

Timerekneskapen for arbeidet i år er ikkje lett tilgjengeleg, men omfanget har vore som normalt. Løyvinga var på kr 23 300. Det er betalt kr 3300 for hogst og administrasjon, 16700 for slåttarbeid og 3300 for slåmaskinleige.

Behov neste sesong

Det er stadig behov for tynning av skog langs kantane. Sør for låven er det truleg størst verknad av skugge no. Det ligg no til rette for å felle ei stor bjørk som har stått på hjørnet nær dei 5 førnemnte ospene. Elles bør ein fjerne minst eit av dei største trea på nedsida av slåttemarka pr. år.

Med helsing

Øystein Folden

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 11.08.2021 Øystein Folden. Øvre teigen er slått.



Figur 2. Foto 11.08.2021. Foto: Øystein Folden. Teigen nedanfor vegen er nærast, alt er slått.



Figur 3. Bilete frå 7.10.2021. Foto Øystein Folden. 5 ringborka ospetre blei felt denne dagen, 3 av dei er alt nede.



Figur 4. Bilete frå 7.10.2021. Foto Øystein Folden. Dei ringborka ospetrea er no nede. Bjørka midt på biletet skuggar mykje og bør hoggast i 2022.